



Saksframlegg

| Utval | Møtedato | Utvalsak |
|---------------|----------|----------|
| Formannskapet | | |
| Kommunestyret | | |

Status for mottak av flyktningar for 2025 og 2026

Vedlegg

- 1 Anmodningskriterier+for+bosetting+i+2026.pdf

Dokument i saka

Årsbudsjett 2025 - Økonomiplan 2025-2028

Bakgrunn

Det skjer endringar i talet på kor mange flyktningar som kjem til Noreg for busetjing i 2025, og i prognosane for busetjingsbehovet 2026. For både åra er tala reduserte. Dette har økonomiske og administrative konsekvensar for både inneverande år og budsjettet for 2026.

Det er såpass betydelege endringar at kommunedirektøren ikkje ønskjer å vente med politisk handsaming til tertialrapporten ligg føre.

Vurdering

For Noreg samla sett, så var det for 2025 forventa at ein skulle busetje 18 900 flyktningar i 2025. IMDi varsla i slutten av juni at talet i år vert 33% lågare (12 640). I tråd med det har oppmodinga til Vinje kommune om busetting gått ned frå 30 til 20 personar i år.

Vinje kommune har teke mot 185 flyktningar i perioden 2020-2024. Av desse er 154 frå Ukraina. Så langt i år er 12 personar busett, og det står att å busetje 8 personar for å imøtekome den justerte oppmodinga.

48 flyktningar har flytta vekk frå Vinje, stort sett hausten 24-våren 25. Årsakene er hovudsakleg:

- Reist tilbake til Ukraina (men kan returnere til Vinje)
- Flytta til andre stader i Noreg grunna jobb
- Reist til Polen, Tyskland og Danmark grunna jobb og familie

Vaksenopplæringa har 35 elevar denne hausten, og prognosa for hausten 2026 er om lag 20 elevar. NAV får inn ein felles prosjektressurs på flyktningar frå 1. november i år, og det vil kompensere noko for redusert bemanning i dei seks kommunane.

Dette gjer at kommunen må tilpasse budsjett og etter kvart bemanning lågare aktivitet. Under følgjer framlegg til korleis ein skal møte desse endra føresetnadane for resten av 2025 og 2026.

Økonomiske og administrative konsekvensar for 2025

Integreringstilskot frå staten er opprinneleg budsjettert med 40,5 mill. kr, men redusert til 39 mill. kr etter første tertialrapport. Nytt estimat etter korreksjonar for utflyttingar og justert oppmoding frå IMDi er 29 mill. kr.

Saldering av inntektsreduksjonen på 10 mill. kr blir gjennomført slik:

- Reduksjon av introduksjonsstønad og etableringskostnader: 7 mill. kr
- Redusert sosialstønad via NAV: 1,5 mill. kr
- Reduserte kostnader for vaksenopplæringa: 300 000,- kr
- Reduksjon av flyktningbuffer: 1,2 mill. kr

Økonomiske og administrative konsekvensar for 2026

Basert på det signaliserte behovet frå IMDi om ytterlegare reduksjon av busetjingsbehovet neste år, samt erfaringane ein har gjort seg med mobiliteten blant dei Ukrainske flyktningane, så legg administrasjonen til grunn følgjande:

- Vinje kommune seier ja til å busetje 15 flyktningar i 2026
- ein tek høgde for at eit tilsvarande tal personar flytter frå kommunen vår til andre stader i Noreg eller reiser utanlands/tilbake til Ukraina

Då ser ein føre seg eit integreringstilskot frå staten på 21 mill. kr. Ein ytterlegare nedgang på 8 millionar.

For å imøtekome inntektsreduksjonen ein ytterlegare reduksjon i tilskot, blir følgjande tiltak lagt inn i 26-budsjettet:

- Ytterlegare reduksjon av introduksjonsstønad, etableringskostnader og ei halvering av årsverk i Integreringstenesta (går frå 7,3 til 3,3, der 1 av årsverka er vakant i dag): 4 mill. kr
- Ytterlegare reduksjon i sosialstønad via NAV: 1,2 mill. kr
- Ytterlegare kostnadsreduksjon for vaksenopplæringa: 900 000,- kr
- Flyktningbuffer blir sett til kr 0,-

Kommunedirektøren ber om tilslutning til følgjande vedtak.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

1. Årsbudsjett for 2025 blir revidert slik: Inntektsreduksjon i integreringstilskot på 10 mill. kr. Inndekning gjennom reduksjon på 7 mill. kr i budsjettet for Helse og meistring, reduksjon i budsjettet for NAV med 1,5 mill. kr, reduksjon av budsjettet for Åmot skule med 300 000,- kr og reduksjon av flyktningbuffer med 1,2 mill. kr.
2. Vinje kommune tek imot 15 flyktningar i 2026. Familiegjenforeningar kjem i tillegg.